

Kontaktinfo : www.mrfylke.no/utdanning

For meir informasjon : Møre og Romsdal fylke
Utdanningsavdelinga

Postadresse : Fylkeshuset, 6404 Molde

Besøksadresse : Julsundveien 9

E-post : formidling@mrfylke.no

Telefon : 71 25 87 80

Telefaks : 71 25 87 99


januar 2010



Møre og Romsdal fylke
Utdanningsavdelinga

LÆREKANDIDAT?

**Kva er ein
opplæringskontrakt?**



www.mrfylke.no

KVA ER EIN LÆREKANDIDAT?

- Ein lærekandidat er ein som i henhold til opplæringslova sin § 4-1 inngår opplæringskontrakt med sikte på ein mindre omfattande prøve enn fag-/sveineprøve. Ordninga følgjer normalt same modell som for lærlingar med 2 år i skole og 2 år i bedrift.
- Forskjellen på ein lærling og ein lærekandidat er at lærlingen skal nå alle måla i den fagspesifikke læreplanen, medan lærekandidaten får opplæring i delar av planen.
- Som lærekandidat kan du ha rett til spesialundervisning.
- Som lærekandidat treng du ikkje å ha gjennomført all teori eller ha karakter i alle fag.
- Førbeuing av ei opplæringskontrakt må skje i grunnskolen, på Vg1 og Vg2, og skolane har eit ansvar for å knyte kontakt med aktuelle lærebedrifter.
- Du må ha kontakt med ei aktuell lærebedrift før du søker opplæringskontrakt.
- Dersom du søker opplæringskontrakt utan å ha lærebedrifta klar, kan vi ikkje garantere at ein opplæringskontrakt kjem i orden. Da vil opplæring i skole vere eit alternativ.

SOM LÆREKANDIDAT SKAL DU

- få ein god overgang frå skole til bedrift
- få opplæring etter evner og anlegg ved hjelp av ein individuell lærekandidatplan
- meistre opplærings-situasjonen
- bli kvalifisert for arbeidslivet

KVA ER EIN OPPLÆRINGSKONTRAKT?

- Ein skriftleg kontrakt mellom lærekandidat og bedrift som vert godkjent av yrkesopplæringsnemnda i Møre og Romsdal fylke.
- Eit dokument som sikrar at opplæringa blir etter læreplanane.
- Gir same rettar og plikter i opplæringsløpet som for lærlingar.
- Kan omgjerst til lærekontrakt undervegs i læreløpet. Ved omgjering kjem same krav til teori som for lærlingar.

MED OPPLÆRINGSKONTRAKT SKAL DU

- få eit fullverdig opplæringsløp med individuell og tilpassa opplæring
- få veiledning og tilrettelegging
- få undervegs-vurdering
- ta avsluttande kompetanseprøve, som er ei begrensa prøve i forhold til ordinær fag-/sveineprøve
- få utstedt kompetansebevis som dokumentasjon på opplæringa

VIDARE MOGLEGHEITER

- Påbygging til fag-/sveinebrev som praksiskandidat etter fastsette reglar

KORLEIS SKJER SØKING OG FORMIDLING TIL OPPLÆRINGSKONTRAKT?

- Møre og Romsdal fylke v/Utdanningsavdelinga har ansvar for å gi søkarar til opplæringskontrakt eit tilbod
- Formidlinga føreset tett samarbeid mellom Utdanningsavdelinga og skole for å finne lærebedrift
- Skolen legg til rette for utplassering i skoletida som kan føre til læreplass
- Eigeninnsats er av stor betydning. Ver aktiv, bruk nettverket ditt for å finne læreplass
- Søking til læreplass skjer elektronisk til Møre og Romsdal fylke på **www.vigo.no**
- Meir informasjon om vidaregåande opplæring finn du på **www.vilbli.no**

SØKNADSRIST ER 1. FEBRUAR